

Årsmelding 1991 for Keipen turlag, Bremanger kommune.

Keipen turlag er no ferdig med sitt 2. leveår, og har ved årsskiftet 29 medlemmer som har betalt kontigent for 1991. av desse er det 7 som har betalt familiemedlemskap. Dette er eit for lavt medlemstal samanlikna med dei turdeltakarar laget har havt. 3 av medlemane er direkte tilslutta N T F. I tillegg til desse, er det i Bremanger kommune 31 tilslutta N T F, og som turlaget får medlemskontigent av. Keipen turlag har i 1991 havt 4 styremøter, og handsama 21 saker. Laget er i 1991 innmelt i Sogn og Fjordane turlag, og har delteke på eit felleesmøte i S F T.

Når det gjeld turaktiviteten, so har laget sett op 11 turar. Av desse vart 4 avlyst på grunn av dårleg ver. Tilsaman deltok 162 på turane. Når det gjeld tirsdagsturane, so deltok 60 i Svelgen området, og 130 i Bremanger\_-Kalvåg-området.

Norsk sti og løypeplan del 1, har vore ute til høyring i år, og Keipen turlag har gjeve sin tilslutnad til denne. I vårt område omfattar den ruta Årebråt- Skjardalen, med tilknytingsruter frå Botnane-Gulestø og Ålfoten.

Turkartet over Ålfotbre området vart utgjeve sist somar, og der er medteke dei ruter og beskrivelsar som Keipen turlag ynskte å få med, i alt 24 ruter frå vårt område.

Turlaget har teke på seg å samle stadnamn i Bremanger kommune, og plassere desse på kartet. Dette gjeld namn over 500 m. som ikkje er medtekne før.

Turlaget fekk avslag på søknad om tippemidlar til rydding og merking av turløyper. Grunngevinga var for lav prioritering i fylkessamanheng. Laget har søkt på ny for 1992, og håpar å få midlar dette året.

For styret

Rolv Yttrehus

